



Kaland Trelast AS  
Alexander Landa  
Kjeilevegen 45  
5953 FONNES

Dykkar ref.:

Vår ref.:

22/216 - 3 / CMS

Dato:

10.02.2022

## vedrørende Søknad - gbnr 140/24 - Solevegen - Einebustad

Me synar til søknad om løyve til bustad på gbnr. 140/24.

I søknaden oppliste de att avstand til fylkesveg 5502 er ca 25,5 m frå bustad. Muren er også ein den nærmare, sjølv om ein ikkje heilt kan sjå korleis denne er tenkt bygd.

Veglova § 29 fastset generelle byggegrenser langs offentlege vegar. Langs fylkesvegar er den generelle byggegrensa satt til **50 meter**. Lova opnar for at fylkeskommunane kan fastsette andre byggegrenser for særskilde strekningar, men ikkje mindre enn 15 meter. Kommunane kan òg fastsette andre byggegrenser i reguleringsplanar eller i arealdelen av kommuneplan jf. plan- og bygningslova.

Fylkesveg 5502 ligg like ved omsøkt bustad og denne vegen er klassifisert i Haldningsklasse 3. I rammeplan for haldningsklasser for dispensasjonar frå byggegrenser 2021-2024 frå Vestland fylkeskommune står dette:

Tabell 3: Haldningsklasse 3

Mindre streng holdning (BLÅ) – Viktig lokalveg (lokal samlevegfunksjon)	
Dispensasjon frå byggegrense	Søknad om avkøyrslar
<ul style="list-style-type: none"><li>Tiltak bør ikkje etablerast nærare enn 30 meter</li><li>I visse høve kan ein godkjenne oppføring av bygningar</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>Talet på direkte avkøyrslar til vegane skal vere avgrensa.</li><li>Nye bustadavkøyrslar bør avgrensast. Val av plassering av avkøyrslar må vurderast med tanke på den framtidige samfunnsutviklinga</li><li>Godkjenning til utvida bruk av bustadavkøyrslar til bustadforemål bør normalt gjevast dersom dei tekniske krava vert tilfredsstillt</li></ul>

I føresegna til kommuneplanens arealdel står det følgjande:

### § 1.4.1 VA- norm og vegnorm

Austrheim kommune sin godkjente VA- norm og vegnorm skal leggjast til grunn ved all utbygging. Ved bygging ved, eller i fylkesveg er det Statens Vegvesen sin vegnormal som gjeld. Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrænse på riks- og fylkesvegar i Region vest|er retningsgivande for vegstyresmaktene si handsaming av plan- og enkeltsaker.

De har ikkje tatt stilling til dette i søknaden. Me ber om at de kommer med informasjon vedrørande korleis de stiller seg til byggegrense mot fylkesvegen før me kan handsama søknaden. Det kan vere ein fordel å få uttale frå fylkeskommunen eller undersøke om de treng løyve frå Fylkeskommunen. Her bør ein opplyse i nærare detalj korleis muren skal byggast.

Med vennleg helsing  
Austrheim kommune

Christopher Marius Straumøy  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Mottakere:**

Kaland Trelast AS

Kjeilevegen 45 5953

FONNES